

**Positive vedtak om skule og analyse?**

11.09.2012

**Torsdag kan formannskapet fatte fleire positive vedtak om Uskedalen. Eit av dei gjeld rehabiliteringa av skulen og det er verd å merka seg at rådmannen framleis føreslår å nytta 4,5 millionar i 2014 og 10 millionar i 2015 til opprustinga.**

**I nedskjæringstider som desse må ein sjå på denne innstillinga som positiv for bygda, kommenterar formannskapsmedlem Kjell Yri (V).**

Ei anna sak som skal opp er godkjenning av planstrategi. For 2 år sidan låg det inne 250 000 kroner til stadanalyse for Uskedalen men denne posten vart strøken ved den førre budsjetthandsaminga.

Yri opplysar at han i formannskapet vil føreslå å få denne posten inn igjen på planstrategien. Tidlegare er det laga stadanalysar for bygdene Sunde, Husnes, Rosendal og Mauranger.

Av Ola Matti Mathisen